



”Kjenner meg som ein vinnar!”

Migranter til topps for første gong! Eid Røde Kors kunne stille med over 50 migranter frå Stad kommune som deltakarar i den årvisse ”Til Topps” vandringa. Denne gongen i Jølster, andre helga i juni.



Målet er Kleivafjellet, 1053 luftige meter over over havet med utsikt over Jøstravatnet og meir. Vêret var ikkje det beste den laurdagen. Men skodde og regn, litt blåst hindra ikkje deltakarane. Alle som ein kom opp til stølen som var første stopp. Og vegen dit var ikkje nokon vanleg stølsveg. Den er svært bratt! Det hindra ikkje deltakarane.



Allt i allt var det over 120 deltakarar som kom frå Kinn, Sunnfjord, Sogndal, Luster, Bremanger og Stad kommuner. Frå Eid Røde Kors er det erfarne Svein Rune Myklebust som er leiar for turgruppa. Mange frivillige frå Eid er med som gruppeleiarar. Om du har lyst til å vere med som frivillig i 2022 så kontakt Svein Rune!



Eit aktivt år for Eid Røde Kors! 2021

Eid Røde Kors har i inneverande år hatt mange aktivitar på gong.

Også året 2021 vil vere eit spesielt år for Eid Røde Kors. Starten på året og våren var prega av Covid-19 restriksjonar, og fleire av dei aktivitetane som Eid Røde Kors normalt utfører har blitt innstilt. Eksempel på dette er omsorgsaktivitetar som Internasjonal Kafé og Besøkstenesta sine faste dagar på institusjonar. Når dei fleste vaksne har blitt vaksinerte etter ferietida kom desse aktivitetane i gong igjen.

Eid Røde Kors har i heile 2021 hatt visse enkeltoppdrag med transport av daglegvarer til personar som har vore ramma av covid-restriksjonar. Då massevaksinasjonen starta i Stad kommune på vårparten 2021 stilte vi i Eid Røde Kors oss til disposisjon med hjelpepersonell ved vaksinasjonane. I løpet av året hadde vi fleire transportoppdrag av vaksiner både til Selje og til Førde Sentralsjukehus. Ein av dei største aktivitetane for Eid Røde Kors dette året er ansvaret for sanitetstenesta under Malakoff festivalen. Under 2021 var Malakoff festivalen gjennomført som ein minifestival der hjelpekorpsset deltok.

Elveredningsgruppa i Eid Røde Kors har også vore svært aktive i 2021. Frå massemedia har dei fleste sikkert lese om redningsinnsatsen i Kvam i Hordaland. Elveredningsgruppa til Eid Røde Kors er den fremste i sitt slag i landet. Dei vart vart tidleg kalla inn av alarmsentralar og politi til redningsaksjonen. Det var ei hending som skapte store overskrifter i massemedia, og som har sett Eid Røde Kors på kartet i inn- og utland.

Eid Røde Kors inviterte til strandryddingsdag

Som barn får vi tidleg vite kor viktig det er å ta vare på naturen, og ein har som skuleborn vore med på å rydde søppel omkring oss. For migrantane er ikkje naturvern like sjølsagt som for oss nordmenn. I samarbeid med Fjordane Friluftsråd arrangerte vi den 19/6 ein strandryddingsdag for migranter og lokalbuande. Etterpå koste alle seg med mat, leik og det var kajakkpadling for borna. Bra for alle med sosial aktivitet etter ein lang periode prega med covid-19.



Julegåve til barn og fleire i Stad kommune.

Det er fleire som kan trenge ei oppmuntring og ei utstrakt hand i ei mørk og tung tid. Prosjektet Julegleder til Barn har eksistert i mange år, og vart også gjennomført i 2021. Dette er tenkt til barn i familiar med låg inntekt. Eid Røde Kors hadde også for 2021 sikta seg inn på å nå ut til fleire grupper som slit, t.d. sosialt utsette familiar og einsame/ åleine-buande. Dei utvalde har fått utdelt ein kartong utvalde matvarer til jul. Tiltaket Julekassen er eit samarbeid mellom Røde Kors i Eid og Selje, (som finansierer julekassen) og NAV, Alti kjøpesenter, Rema 1000 Eid sentrum, Opplæring og integreringstenesta og Eid- og Selje Frivilligsentral.

